


Alle har ei historie i seg



Forteljingar kan trollbinda både unge og gamle. Her lyttar elevvar ved ei drama-gruppe på Anne Elisebeth Skogen. Birgitte Skjera-haug, Sigrid Johnsen, Marita Slot, Astrid Lone og Siri Brårveit har samla seg rundt forteljaren.

ig har lyst til å tru at alle menneske har ei historie i seg. Det er ennande å dra henne fram, seie Anne Elisebeth Skogen. Som ar av forteljarkurset som kultur-ulen steller til, vil ho hjelpa folk å henta fram sine egne histori- Ikkje dei inste, private eller så-tinga, for konseptet har ikkje i g noko terapeutisk tilsnitt.

Målet er å odla fram forteljaren, oppdaga magien i den gamle formidlingskunsten. Eit kurs for kvarmann, presiserer Skogen. Motiva for å delta kan vera ulike. Kanskje nokon ønskjer å gjenerobra arenaen der ungar og vaksne kan kommunisera gjennom forteljinga; trollbinda egne barn eller barnebarn, få dei tilbake til fan-

get i konkurranse med onklar og tanter på fjernsynsskjermen.

Du kan også læra andre betre å kjenna gjennom historiene. Anne Elisebeth Skogen har erfart korleis ho oppdager nye sider ved menneske ho trudde ho kjende gjennom forteljingane dei formidlar.

Forteljarkurset startar tysdag i

neste veke og er lagt til Musikkhuset på Sand, der det går over tre kveldar. I første samling skal del-takarane arbeida med eg-historier. I neste økt blir oppgåva å overføra skriftleg materiale til munnleg form. Ein del av læringa blir også å strukturera og strama inn fortel-inga.

Tekst og foto: Helga Møgedal